

Endeleg skjer det noko med fv 615



Byggleiarar for Vestland fylkeskommune, Jørn Inge Grytten (t.v.) og Eirik Endestad, prosjektleiarar i Mesta, registrerer at arbeidet med utbetring av fv 615 er i rute, men eventuell snø kan føre til forseinkingar.

Arbeidet med å utbetre nokre punkt på fylkesveg 615 mellom Hyen og Storebru er godt i gang. Primaert er det snakk om utviding av veg og møteplassar, og sprenging av berg og stein som ligg nær vegen for å gje betre sikt. I tillegg skal nye stikkrenner leggast.

Arbeidet skal vere fullført 17. desember, og så langt er ein i god rute for å rekke tidsfristen.

Side 10 og 11

Stort løft for lite hus



Klakegg gren datun er nyop-pussa og mykje i bruk. Birger Klakegg (f.v.), Hallvard Klakegg og Mariann Raftevold er tre av mange eldsjeler.

Klakegg gren datun har vore eit samlingspunkt for grenlene Bolset og Klakegg sidan 1956. I år har huset fått eit velfortent løft, og står klar med vidopne armar for å ta i mot unge, gamle og alle i mellom som treng ein plass å samlast.

Side 14 og 15

Vil ha investeringspause



– Skulle vi ha betalt meir i rente enn vi gjer i dag, ville den økonomiske situasjonen vore endå meir dramatisk, sa Anders Skipenes i kommunestyret onsdag.

Dei siste åra har Gloppen kommune si gjeld auka frå 430 til 765 millionar kroner. – Vi må ta oss ein god pause i høve til store investeringar, slik at vi ikkje aukar lånegjelda ytterlegare, seier kommunedirektør Anders Skipenes.

Side 4 og 5